



HLB
HØGSKULEN FOR
LANDBRUK OG
BYGDEUTVIKLING



LivOGLyst-program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland

Erfaringar og verdiskapingsresultat

Eli Janette Fosso

HLB Arbeidsrapport nr. 3,
2013

ISBN 978-82-93079-09-5

Finst berre i elektronisk utgåve



*LivOGLyst - program for
lokalsamfunnsutvikling i Hordaland*
Erfaringar og verdiskapingsresultat

Eli Janette Fosso

HLB Arbeidsrapport nr.3, 2013

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling
Notat nr 3, 2013
ISBN: 978-82-93079-09-5
Fri nedlasting

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling
Postvegen 213
4353 Klepp Stasjon
Telefon: 51 799400
E-post: post@hlb.no
Nett: www.hlb.no

INNHALD

1	OM LIVOGLYST - PROGRAM FOR LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I HORDALAND.....	5
1.1	Innleiing.....	5
1.2	Frå forskning til praktisk utforming av «LivOGLyst»	5
1.2.1	LivOGLyst som partnerskapsprogram.....	6
1.2.2	Utviklingsarbeid tar tid.....	7
1.2.3	Utviklingsarbeid må forankrast i kommunen.....	7
1.2.4	Berekraftig-nedanfrå-og-opp-utvikling.....	7
1.3	Om kapasitetsbygging og «empowerment»	10
2	LIVOGLYST 2008-2013 - OMFANG OG NOKRE RESULTAT	13
2.1	Stor interesse for å delta i programmet.....	13
2.2	Synlege verdiskapingsresultat	14
3	TO DØME PÅ KORLEIS LIVOGLYST-PROSJEKT HAR UTVIKLA SEG	17
3.1	Samnanger – frå liv i landbruket til liv i Samnanger.....	17
3.1.1	Den viktig eldsjela.....	17
3.1.2	Støttespelarane og forankringa i kommunen.....	17
3.1.3	Mobilisering, mangfald og forankring	18
3.1.4	Læring og gjennomføringskraft	19
3.1.5	Trinnvis støtteordning	19
3.1.6	Lokal læring for vedvarande utviklingsarbeid	20
3.2	LivOGLyst i Jordalen	21
3.2.1	Grendalaget tek tak i bygdas framtid	21
3.2.2	Støttespelarane og forankringa i kommunen.....	22
3.2.3	Utviklingsarbeid tar tid og må modnast	22
3.2.4	Forankringa i kommunen, koplara og gjennomføringskraft.....	23
4	KVA ER TEIKN PÅ SUKSESS I LOKALT UTVIKLINGSARBEID?.....	25
4.1	Kvifor har utviklingsprosjekt lykkast?	25
4.2	Målsettingar, måloppnåing og effektar.....	25
4.3	Partnerskapssamarbeid og kunnskapsbygging	26

Føreord

Dette notatet er skreve på oppdrag frå Kompetansesenteret for Distriktsutvikling i høve konferansen Vestlandsk Vidsyn i Ålesund 2013. Notatet er ikkje utforma på grunnlag av djupgåande forskning, men på eigne erfaringar knytt til oppbygging og oppfølging av LivOGLyst-programmet i perioden 1. januar 2008 og fram til 1. august 2013.

I bestillinga frå Distriktssenteret ligg eit ynskje om å dela kunnskap frå LivOGLyst-programmet, synleggjera effektar samt gå i djupna på nokre lokale prosjekt for å visa korleis dei har arbeidd seg fram til synlege verdiskapingsresultat. På grunnlag av eitt vekeverks arbeid er det ikkje mogleg å gjera ei fullverdig utgreiing av program og programeffektar, heller ikkje å gjera ei djup gransking av enkeltprosjekt. Likevel håpar eg at lesarane vil få eit innblikk i dei ideane som LivOGLyst-programmet er tufta på, samt at døma som vert vist til kan leia til vidare forskning for å finna gode svar på kva som er eigentlege suksessfaktorar i lokalt utviklingsarbeid.

Takk til Distriktssenteret for oppdraget, og Marianne Solbakken og Torbjørn Wekre for gode undervegdiskusjonar om effektar av lokalt utviklingsarbeid.

Klepp, oktober 2013

Eli Janette Fosso

1 OM LIVOGLYST - PROGRAM FOR LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I HORDALAND.

1.1 INNLEIING

I 2007 vedtok Fylkesmannen i Hordaland v/Landbruksavdelinga, Innovasjon Noreg Hordaland og Hordaland fylkeskommune å oppretta eit partnerskapsprogram for lokalsamfunnsutvikling i fylket. Målsettinga med programmet var å stimulera og mobilisera til meir lokal verdiskaping – *både økonomisk, kulturelt og sosialt*. «LivOGLyst-program for lokalsamfunnsutvikling» hadde første gongs utlysing i januar 2008 og skulle vera ei vedvarande og langsiktig partnerskapsatsing for systematisk å byggje opp meir livskraftige og attraktive lokalsamfunn. I dette notatet vert det gjort kort greie for utviklingsprogrammet sitt innhald, kva for kunnskapsplattform programutforminga byggjer på, samt det omfanget programmet pr. dato har fått. I tillegg vert det vist til nokre av resultatata etter seks års utviklingsarbeid. Dei resultatata som her vert vist til, er ikkje basert på ei fullstendig og uttømande gransking av heile programmet og alle deltakarprosjekta, men baserar seg på jamlege prosjektsamtalar og den eigenerfaringa og kunnskapen som tett oppfølging av program og prosjekt over ein seksårsperiode har gitt.

To LivOGLyst-prosjekt, Samnanger og Jordalen (Voss kommune), vert presentert nærare for å synleggjera prosessen fram mot oppnådde resultat. Desse døma dannar også grunnlag for drøfting om måloppnåing, verknadar og effektar av lokale utviklingsprosjekt. Hovud-spørsmåla for drøftingsdelen vil vera å gje nokre svar på kva som gjer at utviklingsprosjekt lykkast, og kva som kan vera fornuftige resultatformuleringar og effektmål i denne typen utviklingsarbeid.

1.2 FRÅ FORSKING TIL PRAKTISK UTFORMING AV «LIVOGLYST»

LivOGLyst-satsinga var frå starten av basert på forskning og ei rekkje erfaringar frå tidlegare lokalsamfunns-, bygdeutviklings- og entreprenørskapsarbeid både i Hordaland og andre fylker/land. Rokkanrapporten, notat 14/2005 "Perspektiv på bygdeutvikling"¹ var særleg

¹ Byrkjeland M, og K. Grov (2005): Perspektiv på bygdeutvikling. Bergen. Rokkansenteret Notat 14-2005.

viktig, men også erfaringar frå ”Trivselgrenda”², ”Bærekraftig næringsutvikling i lokalsamfunn” i Hordaland og evaluering av ”Bygdeutviklingsprogrammet” i Sogn og Fjordane³ var sentrale kjelder for utforming av LivOGLyst-programmet.

Rokkanrapporten var ei evaluering av korleis bygde- og lokalsamfunnsutviklingsarbeidet i Hordaland hadde vore forvalta og drive, og var ei bestilling frå Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg. Evaluering fekk særleg verknad på den organisatoriske utforminga av LivOGLyst-programmet. Dvs. at programmet vart etablert som:

1. eit partnerskapsprogram,
2. ei langsiktig programsatsing med «trinnvis støtteordning» og
3. ei satsing der kommunane måtte spele ei aktiv rolle.

1.2.1 LivOGLyst som partnerskapsprogram

Rokkanrapporten peika tydeleg på behovet for ei meir samlande og varig satsing på lokalsamfunnsutvikling i fylket. Denne konklusjonen var basert på at utviklingsarbeidet i Hordaland hadde vore for sprikande og fragmentert, der «Fylkesmannen si landbruksavdeling dreiv bygdeutvikling, Innovasjon Noreg (og tidlegare SND) dreiv bedriftsutvikling og Hordaland fylkeskommune dreiv litt av alt, i tillegg til å gi støtte til andre lokalsamfunn enn bygder⁴». Kvar for seg vart dermed innsatsen og verkemidla for svake til å kunna møte dei utfordringane som lokal samfunnsutvikling og verdiskaping står ovanfor. Tilrådinga frå forskarane var difor å utvikla *eitt felles partnerskapsprogram*⁵ som samla ressursar og verkemiddel på tvers av forvaltnings- og utviklingsinstitusjonane. Eit framtidig utviklingsprogram burde også utformast slik at det femna om alle typar lokalsamfunn – ikkje berre i områder vi definerer som utkantar og bygder. Å skapa meir attraktive stader, både for næringsliv og «folk», kan også vera ei utfordring for lokale samfunn i tettstader og byer.

² Heide, J. (2004): Trivselgrenda. Bygdeutvikling i eit livsstilsamfunn. Notat tilgjengeleg hjå Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga.

³ Glosvik, Ø. (2002): «Levande bygdeutvikling», ein studie av Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane og prosjektet Levande bygder. Sogndal. Høgskulen i Sogn og Fjordane.

⁴ Ref. note 2, side 68

⁵ Avtalen vart inngått mellom Fylkesmannen i Hordaland v/Landbruksavdelinga, Innovasjon Noreg Hordaland og Hordaland fylkeskommune v/regionalavdelinga. Programmet fekk også støtte frå Sparebanken Vest sitt fond for allmenntilgjengelege formål.

1.2.2 Utviklingsarbeid tar tid

Forskarane peika vidare på at *utviklingsprosessar tar tid*, og oftast langt lengre tid enn tidshorizonten til statlege og regionale utviklingsprogram, prosjekt og løyvingar. Eit framtidig utviklingsprogram måtte difor få meir langvarig karakter for å hindre det tidlegare «prosjekttyranniet». Anbefalinga var difor å utvikla eit vedvarande program som inviterte til meir «*trinnvis støtteordning*», der lokale utviklingsprosjekt som vart *støtta for å koma i prosess*, vart guida vidare i verkemiddelapparatet for å få nødvendig hjelp og støtte til å *slutføra* sine verdiskapingsprosjekt.

1.2.3 Utviklingsarbeid må forankrast i kommunen

Eit tredje viktig punkt frå Rokkanrapporten var at lokale utviklingaktivitetar ofte skjedde *utan særleg kontakt og god forankring i kommunane*. Tvert om var oftast utviklingsprosjekta utforma i ein allianse mellom lokalsamfunna/bygdene og fylkesnivået, mens kommunen som disse samfunna hørde til, «sat på sidelinja» utan å vera aktiv part i utviklingsarbeidet. Dermed vart utviklingsaktørane avskorne frå lokal støtte og viktige ressursar som dei kunne dradd stor nytte av i prosjektarbeidet.

Alle desse anbefalingane frå Rokkanrapporten vart seinare innarbeidd i utforminga av LivOGLyst-programmet⁶. I tillegg støtta programmet seg på gode erfaringar frå Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane⁷, og på kjente prinsipp frå arbeid med ei «berekraftig-nedanfrå-og-opp-utvikling»⁸.

1.2.4 Berekraftig-nedanfrå-og-opp-utvikling

Både nasjonalt og internasjonalt føreligg mykje forskingskunnskap om kva som kjenneteiknar nedanfrå-og-opp-utviklingsprosjekt som lykkast⁹. Kunnskap om suksessfaktorar frå denne

⁶ Sjå tekstboks 1

⁷ Ref. note 4.

⁸ Frå internasjonal litteratur kjenner vi denne tradisjonen som «sustainable development», «bottom-up-development» og «community development».

⁹ Sjå t.d. Støhr W.B. (1990): *Global Challenge and Local Response*. London and New York. Mansell. Amdam R. (2011): *Planlegging og prosessleiing. Korleis lykkast i utviklingsarbeid*. Oslo. Det Norske Samlaget. Lønning

utviklingstradisjonen vart difor lagt til grunn i LivOGLyst-arbeidet. Dei viktigaste prinsippa var:

- Utvikling må skje nedanfrå og vera basert på bruk av eigne ressursar
- Lokal utvikling må skje i inkluderande og kollektive prosessar
- Verdiskaping må skje på brei front – ikkje berre økonomisk, men også sosialt og kulturelt for å fremma identitet og trivsel
- For å skape utviklingskraft og -retning må det vera god og brei lokal forankring, og eit «forpliktande» samarbeid mellom eldsjeler, frivillige og offentleg sektor
- Det må byggjast opp eit system for kompetansebygging, nettverk og møteplassar
- Ingen lokalsamfunn er like. Difor er det behov for skreddarsydd støtte og hjelp
- Utviklingsarbeid treng ofte proaktiv hjelp og oppfølging i felt gjennom heile utviklingsprosessen
- Eit varig utviklingsprogram må vera fleksibelt, men samstundes godt forankra i «system og strukturar»:

Fleksibelt i tydinga: tilpassa lokale aktørar, lokale føresetnadar og utgangspunkt.

Forankra i strukturar og system i tydinga: Forpliktande ansvar som koplar saman lokale aktørar, kommunale hjelparar og regionale/nasjonale program, verkemiddel og føringar. Samstundes må programmet ha legitimitet - både ut i samfunnet, inn i program/prosjekt og på tvers av forvaltningsnivå og –institusjonar.

Desse grunnprinsippa i tillegg til dei tre anbefalingane frå Rokkanrapporten, vart frå starten av forsøkt implementert i utforminga av styringsdokument og handlingsplanar for LivOGLyst-programmet¹⁰. Sjølv om det årleg har vore små programjusteringar, står grunnideane frå 2008 framleis fast. I forenkla form er disse framstilt i tekstboks 1.

D.J. og H. Teigen (2009): Kunnskap for lokal medverknad og mobilisering. Utviklingsrelevante bidrag i perioden 1999-2009. Nordlandsforskning. Lønning D.J (2010): Kva er nyskaping? Om fridom, skaparglede, framtid og fellesskap. Ål. Boksmia.

¹⁰ For detaljert informasjon om bakgrunn, målsettingar og handlingsplan for LivOGLyst- program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland sjå: <http://www.kom-an.no/media/86149/plan-for-lol2013.pdf>

Kva tilbyr LivOGLyst - program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland?

- Tilskot til treårige prosjekt og eittårige prosjekt
- Oppfølging frå ei proaktiv arbeidsgruppe
- Jamlege nettverksamlingar for alle deltakande prosjekt
- Kompetansetilbod felles for alle
- Ekspertkompetanse etter lokale behov
- Eiga nettside på www.kom-an.no

Kva får LivOGLyst-prosjekt som deltek i programmet?

- Årleg vert det gitt støtte til tre nye 3-årige prosjekt: Får 100.000 frå programmet + 30.000 frå kommunen pr. år
- Årleg vert det gitt støtte til to nye 1-årige prosjekt: Får 70.000 frå programmet
- Assosierte prosjekt, dvs. alle prosjekt som har søkt opptak og tilfredsstillende kvalifiseringskriteria vert assosiert medlem av LivOGLyst-programmet. Nokre av disse får tildelt «strømidlar» for å halde «motet oppe» og kunna delta på nettverkssamlingar og kompetansetilbod (frå 10.000 til 30.000)
- 50% av midlane kan nyttast til prosjektleiing. Dei resterande midlane skal nyttast til prosessarbeid for å fremma verdiskaping – økonomisk, sosialt og kulturelt

Kriteria for å verta eit LivOGLyst-prosjekt:

- Det må vera samarbeid mellom fleire/mange aktørar i lokalsamfunnet
- Prosjektet skal fremma både lokalt entreprenørskap og samfunnsentreprenørskap
- Det skal vera ein brei og involverande prosess med rom for mangfald
- Viktige målgrupper er ungdom, kvinner og tilflyttarar/migrantar
- Kommunen må vere med som støttespelar

Kommunen si rolle:

- Økonomisk: Må minimum bidra med 30.000 pr. år til treårige prosjekt
- Kompetanse: Vera ein støttespelar ut i prosjekta. Vera rettleiar for etablerarar og andre utviklingsaktørar. Guide utviklingsaktørar inn i relevante program og verkemiddel. Gje bistand i søknadsprosessar

Seks år etter at partnerskapsprogrammet vart oppretta, ser ein mange likskapar mellom det kunnskapsgrunnlaget som LivOGLyst er tufta på, og det Amdam (2011:86) omtalar som

individuell og kollektiv kapasitetsbygging som strategi for framtidretta planlegging og utviklingsarbeid.

1.3 OM KAPASITETSBYGGING OG «EMPOWERMENT»

«Kapasitetsbygging» er Amdam (ibid.) si omskriving av det engelske omgrepet «empowerment»¹¹, - eit omgrep som handlar å gje menneske, grupper, institusjonar og lokalsamfunn som føler avmakt i eige liv og handlingssituasjon, attende kjensla av kontroll, meistring og kraft til å påverka og skape si eiga framtid¹². For å lykkast med å «løfta dei undertrykte»¹³, er det i følgje Amdam (2011:86) «eit sterkt behov» for å kombinere ei ovanfrå-og-ned-tilrettelegging (tilrettelegging utanfrå/stat og fylkeskommune – eksogent) med ei nedanfrå-og-opp-mobilisering (*ressursmobilisering innanfrå* – endogent) for *saman* å styrka *kapasiteten* til å driva eit lærande og vedvarande utviklingsarbeid (figur 1).


Tilrettelegging utanfrå (jf. fig. 1) kan som i «tilfellet LivOGLyst», handle om eit varig tilrettelagt utviklingsprogram – eit program som samla og synleggjer ulike verkemidl (jf. partnerskapsprogram)¹⁴, skapar nettverk og opprettar gode møteplassar, samt tilpassar og skreddarsyr kompetansetilbod for systematisk å byggje *lokal* kompetanse på korleis driva vedvarande utviklingsarbeid.

¹¹ Sjå t.d. Thompson, N (2007): Power and empowerment. Russel House Publishing. Og Taylor, D.C., C.E. Taylor and J. Taylor (2011) Empowerment on an Unstable Planet. Oxford University Press.

¹² Sjå t.d. Lønning D.J. (2010): Kva er nyskaping? Om fridom, skaparglede, framtid og fellesskap. Ål. Boksmia.

¹³ Omgrepet er henta frå Freire, P (2002): Dei undertryktes pedagogikk. Oslo. Gyldendal norske forlag. Sjå også note 13.

¹⁴ Sjå også Dvergsdal, G., G.M. Grimsrud og G.M. Olsen (2011): Regionale aktørar sitt arbeid med bygde- og lokalsamfunnsutvikling på Vestlandet. Volda. Møreforsking, Høgskulen i Volda og Ideas2evience. Rapport nr 20.




Figur 1. Kapasitetsbygging (empowerment). Etter Amdam (2011:85).

Jf. figur 1 må denne «eksogene tilrettelegginga» kombinerast med å «invitera og engasjera» til ressursmobilisering innanfrå. Eksterne aktørar kan ikkje driva utviklingsarbeid på vegne av dei lokale. Utviklingsviljen og -krafta *må* veksa fram nedanfrå! Lokale aktørar må mobilisera breitt for å ta tak i eigne utfordringar, utnytta sine ressursar og *sjølv* sjå moglegheiter for endring og vekst. Dersom ein lykkast med ei slik lokal ressursmobilisering, kan ei god tilrettelegging utanfrå verka som ei «strukturerande» kraft, der lokale aktørar og prosjekt får eit ekstra «lyft» og større framdrift.

Basert på eiga og internasjonal forskning konkluderer bl.a. Amdam (2011, sjå også Stöhr 1990) med at utvikling *ikkje kan skapast utanfrå*, dei må *alltid* forankrast lokalt og veksa fram innanfrå. Eksterne aktørar som t.d. det regionale og statlege nivå, kan vera tilretteleggjarar, støttespelarar, medhjelparar og gode koplalar, men må ikkje ta i frå lokalsamfunna *ansvaret for utviklinga*.

Skal ein lykkast med kapasitetsbyggjande utviklingsarbeid er altså *lokal forankring, engasjement og vilje til å ta tak i eigne utfordringar og eiga utvikling* avgjerande (jf. figur 2 etter Amdam 2011, mobiliseringsvariabelen). Men samarbeid i nettverk- både lokalt og regionalt (organiseringsvariabelen), kapasitet til og kontroll på iverksetjing av tiltak (gjennomføringsvariabelen, t.d. at utviklingsarbeidet får plass i kommunale planar og strategidokument), møteplassar og læringsarenaer (læringsvariabelen) og evne til å kopla og

omsetje ytre strukturelle føringar til indre moglegheiter for nyskaping og utvikling (kontekstvariabelen) er like avgjerande.



Figur 2. Variablar i kapasitetsbyggjande utviklingsarbeid, etter Amdam (2011:90).

Variablane i modellen verkar gjensidig inn på kvarandre, og kan summera seg til både positive og negative sjølvforsterkande utviklingsprosessar. utfordringa ligg i å få desse variablane til å verka saman – då treng ein gode støttespelarar og «koplara» - mellom verdiskaparar og lokale og regionale støttespelarar og verkemiddelapparatet.

I kapittel 3 vil eg gå nærare inn på kor viktig det er med gode støttespelarar og «koplara» i lokalt utviklingsarbeid. Men først litt om omfang og generelle resultat frå det samla LivOGLyst-programmet.

2 LIVOGLYST 2008-2013 - OMFANG OG NOKRE RESULTAT

2.1 STOR INTERESSE FOR Å DELTA I PROGRAMMET


Som nemnt i tekstboks 1 har det kvart år sidan 2008 vorte teke opp 3 treårige prosjekt og minimum 2 eittårige prosjekt. I tillegg har alle søkjarar som tilfredsstillar kvalifiseringskriteria¹⁵, vorte teke opp som «assosierte medlemmar» i LivOGLyst-programmet. Pr. dato er det dermed gitt finansiering og oppfølging til 18 treårige og 25 eittårige prosjekt. I tillegg har programmet 54 assosierte prosjektmedlemmar¹⁶. Programmet har raskt vorte godt kjent, ikkje minst takka vera dei lokale prosjekta som aktivt har marknadsført LivOGLyst-logoen og programmet. Årleg tek partnarskapen i mot ca. 30 prosjektsøknader.

Dei fleste LivOGLyst-prosjekta har sitt utspring frå bygdelag og utkantar, men også sentrale kommunar med ambisjonar om tettstadsatsing har etter kvart vorte del av programmet. I løpet av fem år er det sett i gang utviklingsprosjekt i 22 av Hordaland sine 33 kommunar¹⁷.

¹⁵ For å verta eit LivOGLyst-prosjekt må prosjektet vera eit samarbeid mellom fleire/mange lokale aktørar. Det må visast til både verdiskapingstiltak og til aktivitetar som skal fremma lokal identitet og trivsel. I tillegg må kommunen signere på at dei støttar prosjektet – økonomisk og som oppfølgjarar, sjå tekstboks 1.

¹⁶ Alle prosjekt som har søkt opptak og tilfredsstillar kvalifiseringskriteria, vert assosiert medlem av LivOGLyst-programmet. Nokre av disse får tildelt «strømidlar» for å halde «motet oppe» og kunna delta nettverksmøter og kompetansetilbod (frå 10.000 til 30.000)

¹⁷ Assosierte prosjekt er ikkje rekna inn i denne oppsummeringa.



Figur 3. Kommunar som har/har hatt eitt eller treårige LivOGLyst-prosjekt er markert med raudt. Øygarden og Austrheim er tilleggspjeksjt finansiert gjennom LUK-satsinga.

2.2 SYNLEGE VERDISKAPINGSRESULTAT

I alle treårige prosjekt kan det visast til heilt konkrete verdiskapingsresultat – resultat som står støtt på egne bein når prosjektmidlane stoppar. Som nemnt i innleiinga er det ikkje rom for å gjera ei fullverdig oppsummering i dette notatet, men i «kulepunktformat» kan resultat frå dei treårige prosjekta summerast slik¹⁸:

- Jondal: Juklafjord: husar Breførarlaget, kunnskapsutstilling, kafé m/hardangermeny og turistinformasjon. Forutan finansiering frå LivOGLyst har Jondal har hatt finansiering frå Tettstadprogrammet og Småsamfunnsprogrammet. Prosjektstillinga er omgjort til kommunal utviklarstilling.

¹⁸ Treårige prosjekt som vart teke opp i 2012 er ikkje teke med i denne oppsummeringa (Unneland i Bergen, Risnes på Radøy og Hedleberget på Voss). Eitt prosjekt har sida starten mista finansieringa grunna vanskar med den lokale mobiliseringa og forankringa.

- Kårbø: Ridesenter, økologiske grønnsaker og frukt, matforedling, foredlingslokale, festlokale og Sansesenteret. Utover finansiering frå LivOGLyst, har enkeltetablerarane fått støtte og finansiering gjennom Innovasjon Norge sine bygdeutviklingsmidlar.
- Huglo: «Popp-opp-hus», sommarfestival og bygging av sjøhus har starta. Utover finansiering frå LivOGLyst, er Huglo i dag del av Bulyst-satsinga.
- Austevoll: Kulturbakeriet – frå tomt hus til kulturmøteplass og arbeidsplass for 13 personar. Utover finansiering frå LivOGLyst, er Austevoll og Møkster del av Bulyst-satsinga. Austevoll har fått tre nye år frå LivOGLyst for bl.a. auka verdiskapinga i kystlandbruket.
- Hosanger-Mjøsvågen: Kunst- og kultursatsing i «nausta», «Markakunst», lokal matforedling, catering og kafé. Enkeltetablerarar har fått støtte og finansiering gjennom Innovasjon Norge sine bygdeutviklingsmidlar. Prosjektleiaren for LivOGLyst-prosjektet, har fått utvida stillingsprosent gjennom Osterfjorden nærings samarbeid for å drive mobiliseringsarbeid i fleire grender på Osterøy, samt i kommunane Vaksdal, Modalen og Masfjorden. (Jf. at det så langt ikkje har vore finansierte prosjekt frå dei tre sistnemnde kommunane, jf. figur 3).
- Plan-Periferi: Kafé m/lokal mat, kunst, kultur, teater og musikk. Rockeklubb og lydstudio. Periferi-festival mm.
- Strusshamn: «Lokal kultur og lokal mat» inn i dei historiske bygningane i Strusshamn. Nyopna restaurant. Identitets- og merkevarebygging.
- Røldal: Røldalsmarknaden, Røldalsboka, Jakt og fjell festival, Garasjen «after ski», Sportsbutikk, nye eigarar til geitost-ysteriet, pilgrimssenter og sentrumsplan (i prosess). Røldal har også hatt ekstra finansiering frå Bulystprogrammet.
- Åkra i Kvinnherad: Pub, kafé, båthamn, Åkradagane, kopla seg på Åkrafjorden oppleving bl.a. med hestekløyving.
- Espevær: Pub, kunstutstilling i det gamle posthuset, Baadehuset restaurant, båthamn, bygging av generasjons-/utleigebustader, Espevær fyr, Havkontor m/bustader i prosess. Utover finansiering frå LivOGLyst, er Espevær del av Bulyst-satsinga.
- Mosterhamn: Som del av LivOGLyst-satsing fått etablert eit livskraftig bygdeutval, som arbeider med bl.a. ei samlande kultursatsing rundt Amfiteateret/Mostraspelet, å involvere ungdommen i utviklingsarbeidet, samt verdiskaping rundt kai-området og tettstadplanlegging.

I tillegg til dei nemnde «kulepunktresultata» har representantar frå alle desse prosjekta vore aktive deltakarar på ulike kompetansetilbod i regi av programmet¹⁹. Dei fleste prosjektleiarane og kommunekontakten har også gjennomført høgskulekurset i samfunnsentreprenørskap. Programmet har slik sikra at kompetanse på korleis drive utviklingsarbeid ligg att lokalt – både i 1. linja til kommunane (det lokale rettleiingsapparatet) og i prosjektdeltakarar i lokalsamfunna.

I kapitlet som fylgjer vil eg gå meir i djupna på to LivOGLyst-prosjekt, Samnanger og Jordalen, for å syna korleis prosjekta har utvikla seg frå prosjektidear til synlege verdiskapingsresultat. Både Jordalen og Samnanger blei fyrst teke opp som eittårig prosjekt og deretter som treårig. Samnanger avslutta sitt prosjekt i 2012, medan Jordalen har finansiering ut 2014.

¹⁹ Coaching i lokalsamfunnsutvikling, design i prosjektutvikling, forteljning og formidling, vertskapsrolla, temabaserte nettverkssamlingar, LivOGLyst-konferansen, Vestlandsk Vidsyn- konferansen, Samfunnsentreprenørskap (studiepoenggejvande kurs i regi av Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling).

3 TO DØME PÅ KORLEIS LIVOGLYST-PROSJEKT HAR UTVIKLA SEG

3.1 SAMNANGER – FRÅ LIV I LANDBRUKET TIL LIV I SAMNANGER

3.1.1 Den viktig eldsjela

Samnanger var eit av dei fem første prosjekta som vart teke opp i LivOGLyst-programmet i 2008. Initiativet til prosjektet kom frå ei nyleg tilflytta eldsjel som såg ressursar og moglegheiter i sine omgjevnader som lokalbefolkninga verka å oversjå.

Bente Getz²⁰ hadde arva eit veglaust småbruk øvst i Frølandsdalen- eit område som tidlegare var prega av eit aktivt landbruk. Då Bente flytta til Frølandsdalen, var dei fleste bruka lagt ned. På det arva småbruket var både hovudhus og driftsbygningar i svært dårleg stand. Likevel hadde Bente bestemt seg for å byggje veg, pussa opp gardshusa og starta med osteproduksjon. I 2007 kunne ho og familien flytte inn i modernisert hus på «Guleiksgården».

Parallelt med oppussingsarbeidet på garden dreiv Bente ei form for «vekkingsferd», både i Frølandsdalen og blant lokalpolitikarar og i kommuneadministrasjonen. Målsettinga hennar var å få fleire til sjå den rikdomen av ressursar som låg tilgjengeleg, men likevel var unytta. Blant anna var ho oppteken av at Samnanger var ein kommune som «losa» tusenvis av helge- og fjellturistar frå Bergen og «rett forbi», utan å stille spørsmål ved kva som kunne gjerast for at nokre av dei ville stoppa for å sjå kva Samnanger hadde å tilby (jf. kontekstvariabelen i figur 2). Til dømes meinte ho at senteret Bjørkheim som låg kloss i riksvegen, burde utbetrast og utvidast med eigen utsalsplass for lokalt produsert handtverk og mat,- inklusive den osten ho hadde planlar om å produsera.

3.1.2 Støttespelarane og forankringa i kommunen


Bente allierte seg med ordførar, den nyleg tilsette etablerarrettleiaren og landbrukssjefen i kommunen. I fellesskap utforma dei prosjektsøknad om opptak i LivOGLyst-programmet. Søknaden handla i stor grad om korleis få nytt liv på gardsbruka i Frølandsdalen. Søknaden vart

²⁰ Namn er brukt etter samtykkje frå Bente Getz.

godkjent og tildelt støtte som eittårig prosjekt. I tildelingsbrevet vart det lagt inn ei anbefaling om at prosjektet burde utvidast og involvere fleire aktørar, tiltak og interesser.

3.1.3 Mobilisering, mangfald og forankring

I tråd med anbefalinga vart tildelte prosjektmidlar nytta til mobiliseringsarbeid for å få ei breiare lokal forankring (jf. mobiliseringsvariabelen i figur 2). Samnanger kommune v/Prosam A/S²¹ inviterte alle interesserte innbyggjarar til idédugnad. Ca 70 innbyggjarar møtte til mobiliseringsmøtet. I fellesskap vart dei samde om 14 ulike tema/tiltak som skulle arbeidast vidare med og danna grunnlag for søknad om treårig prosjekt i LivOGLyst-programmet (tekstboks 2, side 16). For kvart tema vart det etablert ei arbeidsgruppe m/leiar som skulle sørge for framdrift i arbeidet.



Resultat av idédugnaden var 14 tema/tiltak som skulle arbeidast vidare med i ein treårsperiode:

- Småskala mat
- Utsalsplass for lokal mat
- Inn på tunet
- Utegangarsau
- Frølandsdalen opp!
- Antons Kulturhistorisk senter
- Kompetansesenter for småkraft
- Totrøna vinterpark – samarbeid blant grunneigarar
- Rydd skogen
- Kunst og smia
- Tettstaden Tysse
- Nordvikavatnet rundt – universell utforming
- Elva opp!
- Coaching/etablerargrupper


Brei mobilisering og god forankring, både politisk og administrativt (jf. organiseringsvariabelen i figur 2), gav grunnlag for at Samnanger fekk tildelt treårig prosjektfinansiering f.o.m. 2009. Då starta det verkelege utviklingsarbeidet, ikkje berre i

²¹ Prosam A/S var eit halvoffentleg aksjeselskap som bl.a. tilbød etablerer-retteleing. Selskapet er i dag lagt ned.

Frølandsdalen, men i «heile» kommunen! Sjølv fekk Bente tildelt Leonardo-stipend frå Hordaland fylkeskommune for å kunna reise utanlandsk og lære meir om osteproduksjon. I tillegg fekk ho god hjelp frå etablerarrettleiaren i Prosam A/S til å vidareutvikle sin forretningsplan – ein plan som bl.a. gav etablerarstipend frå Innovasjon Noreg. I 2010 stod godkjent produksjonslokale for Bente sin ost ferdig.

3.1.4 Læring og gjennomføringskraft

Parallelt arbeidde fleire lokale aktørar i «småskala mat gruppa» med sine idear om å starta med småskala matforedling, bl.a. syltetøy og spekepølse. Det vart arrangert lokale kurs, og enkeltaktørar reiste på eksterne kurs for å lære «lokalmat-handverket» (jf. læringsvariabelen i figur 2). På vegne av matprodusentane arbeidde Prosam A/S med planane om utsalsplass på Bjørkheim. Realisering av denne ideen sette bl.a. krav til areal og at kommunen var villige til å avsjå tomt (jf. gjennomføringsvariabelen i figur 2). Med positiv oppfølging og støtte frå ordførar, kunne kommunen raskt seie ja til tiltaket! I tillegg gav kommunen tomt til eit tre-kunstverk som LivOGLyst-prosjektet kunne få gratis frå arkitektøgskulen i Bergen (figur 3).



Figur 3: Tre-kunstinstallasjon på Bjørkheim i Samnanger (Foto: Tone Tysseland).

Kunst-installasjonen kom raskt på plass, og LivOGLyst-programmet sørga for eksperthjelp til god lyssetting av området. Tiltaket aleine, gjorde at mange «forbi-fararar» no valde å stoppa for å «oppleva» Bjørkheim.

3.1.5 Trinnvis støtteordning

Då det var klart at utsalsplassen kunne la seg realisere, fekk tiltaket ekstra finansiering frå LivOGLyst-programmet (jf. ei trinnvis prosjektfinansiering). Dei fekk òg profesjonell hjelp til å utvikle eiga merkevare og logo (LAGA , jf. også læringsvariabelen i figur 2). Samstundes

søkte den regionale arbeidsgruppa v/Hordaland fylkeskommune toårig Bulyst-finansiering til Samnanger-prosjektet, noko dei fekk! (jf. ei trinnvis prosjektfinansiering, denne gongen frå Kommunal- og regionaldepartementet). I 2011, då LivOGLyst-finansieringa tok slutt, opna utsalsplassen LAGA (sjå BA-reportasje side 18).

Ikkje berre «småskala-mat» og utsalsplassen LAGA vart realisert i prosjektperioden, men ved hjelp av nye midlar frå Bulyst-programmet, vart også dei fleste andre tiltaka slutført i løpet av 2012. Til dømes har Antons kulturhistoriske senter gitt nytt liv i den nedlagde grendaskulen. Senteret fungerer i dag som veteranbilverkstad, utstillingsplass for og utleige av veteranbilar, og det lokal historielaget har utstillingar og arrangement der. I tillegg har senteret kafé og utleige av festlokale, og jamleg står huset ope som møteplass for ungdom og eldre.

Den gamle smia i Tysse er også blitt pussa opp for å kunne ha kunst-utstillingar og arrangere intimkonsertar. Tusenårsstaden Tysse er endeleg realisert, og miljøgata og båthamna er opna. Samnanger har også fått tildelt kompetansesenteret for Småkraftverk. Via godt samarbeid med Statens vegvesen vart det arrangert skogryddingskurs, og skogen langs vegen har vorte rydda profesjonelt.

3.1.6 Lokal læring for vedvarande utviklingsarbeid

Sjølv etter prosjektet formelt sett vart avslutta, har utviklingsarbeidet i kommunen gått sin gang. Hordaland fylkeskommune har til dømes gitt finansiering for at Samnanger skal vidareutvikla reiselivssatsinga²², og nyleg kunne nytt Gjæstgiveri med lokale matspesialitetar opna.

²² Sjå <http://www.visitsamnanger.no/>

Damer med liv og lyst i Samnanger

Har skapt sine egne arbeidsplasser og satt «bygdedyret» på plass.



Bente-Line S. Flatekvål

Profil E-post

Arbeid

21

Tweet

0

+

Publisert 02.09.2012 kl 15:03 Oppdatert 02.09.2012 kl 23:16

I dagens [papir-BA](#) kan du lese hele historien om Bente Getz (52) og Rita Taule (40) i Samnanger.

De to driftige damene startet i 2011 opp samvirkelaget Laga på Bjørkheim, omkring 40 minutter fra Bergen sentrum.

• [Se alle bildene!](#)

«BYGDEDYRET»

Der selger de foruten sine egne produkter som er blant annet bakverk, ost, kjøtt og syttetøy, en rekke kortrelste produkter fra lokale produsenter.

- Vi ønsket å skape våre egne arbeidsplasser i bygden, og det har vi klart. Vi ønsker å vise at Bjørkheim er mer enn pølsekrig. Her finnes det utrolig mange små og dyktige produsenter som får vist seg frem i butikken vår, sier Getz.

Det har ikke vært bare enkelt å være innovativ og kreativ, for som i så mange andre bygder, lever også det såkalte «bygdedyret» i Samnanger.

- Det var mye styr i starten og mange rykter som gikk. Derfor er det ekstra tilfredsstillende at vi nå kan vise til en suksess, smiler Rita Taule.

25 000 BOLLER

Den vesle gardsbutikken på Bjørkheim omsatte for omkring 1,6 millioner kroner i fjor. Bergensere og turister er de største kundegruppene.

Bente Getz produserer årlig omkring ett tonn hvitost, et halvt tonn smøreost og over 25 000 boller og ostepom på sin gård på Tvelt i Samnanger. Foruten å lage mat, har kokken Rita Taule planer om å åpne gårdsrestaurant og overnattingssted i løpet av høsten.

De flotte bildene fra da BA besøkte de to, kan du se i denne bildeerient!

Les mer om de driftige damene i [søndagens papir-BA](#).

GULEIKSGÅRDEN I SAMNANGER



Bil med på besøk til Bente Getz.

• [Se bildene!](#)

3.2 LIVOGLYST I JORDALEN

3.2.1 Grendalaget tek tak i bygdas framtid

Jordalen er ei lita bygd i Voss kommune med ca. 50 innbyggjarar. LivOGLyst-prosjektet hadde sitt utspring frå grendalaget som i mange år hadde arbeidd for å få ny og trygg veg, i tillegg til å sikra busetnaden og landbruket. Grendalaget hadde eigentleg mobilisert lokalbefolkninga til innsats før LivOGLyst-prosjektet starta. Deltaking i LivOGLyst-programmet såg dei først og fremst som ei moglegheit til å kome i gang med ei ønska berekraftig utvikling basert på egne gards- og naturressursar (jf. kontekstvariabelen i figur 2).

3.2.2 Støttespelarane og forankringa i kommunen

I 2011 søkte Jordalen grendelag, med god støtte frå 1. linja i Voss kommune, opptak i LivOGLyst-programmet. Som første gongs søkjar fekk dei tildelt eittårig prosjekt, bl.a. for å vidareutvikla, tydeleggjera og spissa «litt uferdige» verdiskapingsidear.

I løpet av det første prosjektåret deltok representantar frå Jordalen grendelag på samfunnsentreprenørskapskurs i regi av Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, og dei arrangerte eigne studieturar for å henta idear og inspirasjon til vidare utviklingsarbeid (jf. læringsvariabelen). Jordalen grendelag undertekna også avtale med Nærøyfjorden verdsarvpark og Stalheim landskapsark om å verta «opplevingsleverandør» inn i den samla reiselivssatsinga. Voss kommune ved 1. linja var ein viktig koplar og medspelar i desse samarbeidsavtalane (jf. organiseringsvariabelen).

I løpet av det første prosjektåret tok grendelaget og grunneigarane tak i *eitt* av dei planlagde tiltaka - ideen om å byggje ein trelavvo i Jordalen vart spissa og utvikla. Tanken var at lavvoen skulle nyttast til matserving og ulike kulturarrangement – både for lokalbefolkninga og tilreisande. Å lykkast med dette tiltaket ville vera avgjerande for den vidare verdiskapinga. Etter søknad gav difor LivOGLyst-programmet ekstra finansiering til vidareutvikling av lavvo-prosjektet. I tillegg fekk tiltaket støtte frå Voss Sparebank og ein av grunneigarane gav lovnad om tomt til formålet.

3.2.3 Utviklingsarbeid tar tid og må modnast

I løpet av eitt år som LivOGLyst-prosjekt hadde altså verdiskapingsideane fått rom til å modnast og samstundes vorte godt forankra i ulike samarbeidsrelasjonane – så som Nærøyfjorden verdsarvpark og inn i Voss kommune.

Då Jordalen søkte vidare deltaking i LivOGLyst-programmet i 2012, fekk dei tildelt treårig prosjekt. Dei ville realisera lavvo- ideen som no var kome i prosess. I tillegg skulle dei kultivera elva, utvikle og opne eit inn på tunet tilbod, sikre vidare bruk av skulebygningen når den vart nedlagt, lage jonsokarrangement og ei mengd andre trivselfremmande aktivitetar. Inn på tunet tilbodet var ledd i Voss kommune si deltaking i det nasjonale «Inn på Tunet løftet»,

der dei skulle utvikle heilt nye tilbod i kommunen. Utviklingsaktøren vart difor kopla på dette utviklingsprosjektet (jf. den kommunale koplarrolla og gjennomføringsvariabelen i figur 2). Som også vist til i LivOGLyst-dømet frå Samnanger, kan prosjekt starte i det små, men når arbeidet kjem i prosess kan det fort oppstå sjølvforsterkande utviklingeffektar, særleg når idear vert kopla mot gode støttespelarar og nettverk som gjer at tiltak får framdrift og kan realiserast.

3.2.4 Forankringa i kommunen, koplarane og gjennomføringskraft

Støtte frå 1. linja til kommunen er særleg viktig i lokalt utviklingsarbeid, men også ekstern tilrettelegging og hjelp kan vera nødvendig for å sikre framdrift og finna gode løysingar i utviklingsarbeidet. Jordalen har allereie kome langt, sjølv om dei berre er inne i sitt andre år som treårig prosjekt i LivOGLyst-programmet. Rask handsaming frå Voss kommune har allereie gitt lavvo-prosjektet byggjeløyve (sjå reportasje henta frå Jordalen grendalag si nettside). Dei involverte utviklingsaktørane er også i prosess med tanke på å vidareutvikla verdiskapingsideen med enkle overnattingslavvoar på kvart bruk, og ein av deltakarane syslar med tanken om å montere «overnattingsmodul» i løa.

Me har fått byggeløyve!

Endeleg er me i gang!



Jordalen Grendalag har endeleg fått byggeløyve til lavvoen i Øygardsmarki.

Sistnemnte idé har kome opp som ledd i at Voss deltek i prosjektet «Nytt liv under gamle tak»²³, og den potensielle aktøren har vorte kopla mot dette utviklingsprosjektet. Tanken om smålavvoar for overnatting, har utvikla seg gjennom kurset «design i prosjektutvikling» som er eit «skreddarsydd» kurs frå LivOGLyst-programmet²⁴.

Dersom ideane om overnattingslavvoar og «overnattingsmodul» i løa vert realisert, har Jordalen på kort tid lykkast med å skapt eit samlande og berekraftig opplevingsprodukt. Truleg vil ei fullstendig realisering ta lengre tid enn det halvanna året som er att av det treårige LivOGLyst-prosjektet. Då er det avgjerande viktig at også Jordalen kan verta del av eit trinnvis støttesystem som sikrar slutføring av arbeidet. Som vist i førre avsnitt, i Samnanger-prosjektet, var dei del av ei trinnvis finansiering i fem år. Først var dei del av LivOGLyst-programmet i fire år (eittårig, deretter som treårig prosjekt). I det fjerde året fekk dei i tillegg toårig finansiering frå Bulyst-programmet. I det femte prosjektåret gjekk fylkeskommunen inn med ekstra støtte til å slutføra satsinga.

²³ «Nytt liv under gamle tak» er eit utviklingsprosjekt i regi av Fylkesmannen i Hordaland.

²⁴ Frå LivOGLyst-programmet får alle treårige prosjekt tilbod om å nytta seg av kurset «design i prosjektutvikling» levert av Scandinavian Surface.

4 KVA ER TEIKN PÅ SUKSESS I LOKALT UTVIKLINGSARBEID?

4.1 KVIFOR HAR UTVIKLINGSPROSJEKT LYKKAST?

I førre kapittel vart det vist til korleis to LivOGLyst-prosjekt starta, utvikla seg og oppnådde nye og verdiskapande resultat. Jordalen har endå ikkje slutført prosjektet, men allereie etter to år tyder framdrifta på at dei vil lykkast i det vidare arbeidet. Kva er det så som gjer at desse to prosjekta òg dei andre (jf. kap. 2), lykkast? Oppsummert vil eg trekkje fram fylgjande:

1. Prosjekta består av folk som *ser moglegheiter* i lokale ressursar og viser *interesse i og vilje til* å utvikle lokalsamfunnet.
2. Prosjekta *mobiliserer mange interesser* og utviklingsaktørar, som evnar å knyta band og *nettverk på tvers av etablerte prosjekt* og samarbeidsrelasjonar.
3. Det er god og brei *forankring lokalt og regionalt* og det er etablert godt samarbeid mellom dei frivillige i lokalsamfunna, 1. lina i kommunen og det lokale, regionale og nasjonale verkemiddelapparatet.
4. Utviklingsprosjekta får *skreddarsydd støtte* og hjelp til å sikre framdrift i arbeidet – dette gjeld både finansiering og kompetanse.
5. Utviklingsaktørane vert *følgd opp og sett* – både av 1. lina i kommunen òg den regionale arbeidsgruppa og partnarskapen.
6. Partnarskapen sørgjer for *systematisk kompetansebygging*, (bl.a. samfunnsentreprenørskapskurs i regi av Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling), skapar felles *møteplassar for erfaringsutveksling* og jamleg kunnskapspåfyll, samt bidreg til relevant nettverksbygging og opnar dører inn i verkemiddelapparatet.
7. Det er brei aksept for at *utviklingsarbeid handlar om prosessar og at ting tar tid*. For å nå mål om verdiskapingsresultat, er det difor viktig å *kanalisere innsats og verkemidl mot prosessar og tiltak som etter prosjektslutt er sjølvgåande*.

4.2 MÅLSETTINGAR, MÅLOPPNÅING OG EFFEK TAR

Tidvis er det mykje debatt i media òg i forskingsmiljø kring mål, måloppnåing og effektar av ulike nasjonale og lokale utviklingssatsingar. Oftast vert det hevda og konkludert med at synlege resultat og effektar er vankelege å måla. Eigenerfaring gjennom LivOGLyst-satsinga, tilseier at dette *ikkje betyr* at lokalt utviklingsarbeid er «vekk-kasta og misslykka». Det betyr

heller at prosjektmål kan vera uklart formulert og knytt mot diffuse mål om auka attraktivitet og vekst i folketalet²⁵. Slike effektar av lokale utviklingsprosjekt, som ofte varar i ein treårsperiode, lar seg ikkje truverdig måla!

Som vist i dette notatet er det *meir fornuftig å setje verdiskapingskrav og –mål, men desse målsetjingane må byggje på fleksibilitet og ta omsyn til at utgangspunkta for lokalsamfunna er svært ulike* (jf. kap. 1.2).

Samstundes må ein ha medvit om at lokal verdiskaping kan byggje på *økonomiske, så vel som kulturelle og sosiale målsetjingar*. Økonomiske målsetjingar i form av nye bedrifter og arbeidsplassar, kan teljast når prosjekt er avslutta. Vedvarande effektar av trivselfremmande tiltak, lokale og regionale møteplassar og systematisk kunnskapsbygging er derimot langt vanskelege å måla – i alle fall som kortsiktige effektar av skisserte målsettingar. MEN, om dei ikkje kan målast er det fullt mogleg å «sikra» at kompetanse på å driva utviklingsarbeid kjem kommunane og lokalsamfunna til gode.

Lokalt utviklingsarbeid er kunnskapskrevjande²⁶. Difor må ein sikra at kunnskapen ligg att i lokalsamfunna når prosjekt avsluttast. Det er også viktig å skape system i kommunane for gode støttespelarar, «koplarar» og nettverksbyggjar. I tillegg må utviklingsarbeid vera basert på forutsigbare program og rammer. Kort sagt, eit vedvarande lokalt og regionalt system for *samarbeid* om det lokale utviklingsarbeidet!

4.3 PARTNARSKAPSSAMARBEID OG KUNNSKAPSBYGGING

Eigenerfaring frå «LivOGLyst-program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland», tilseier at partnerskapsmodellen i Hordaland er god (jf. kapittel 1 og Telemarkforskning si følgjeevaluering av den nasjonale satsinga på Lokal samfunnsutvikling av kommunane), og at ei av dei viktigaste effektane av programmet, er den *systematiske satsinga på kunnskap om korleis skapa og drive lokalt utviklingsarbeid*.

²⁵ Sjø : http://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2013/09/130916_Status-2013-Bulystprosjekta_Arbeidsnotat-Distriktssenteret1.pdf

²⁶ Jf. Lønning, D.J. (2013): Korleis leggje til rette for bygdeutvikling? Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling. Arbeidsrapport nr. 1:2013. Klepp.

I kapittel 1 vart det vist til kor viktig det er å driva *kapasitetsbyggjande arbeid*. Det vil bl.a. seie å gje enkeltmenneske, grupper, institusjonar og lokalsamfunn som føler avmakt over eigen handlingssituasjon, attende kjensla av kontroll, meistring og kraft til å påverka og skapa si eiga framtid. Langt på veg har ein gjennom «LivOGLyst-program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland», lykkast med tilrettelegging for kapasitetsbygging (eksogen tilrettelegging), og slik skapt grobotn for at enkeltaktørar og lokalsamfunn har fått tru på at det nyttar å drive godt forankra utviklingsarbeid ((endogen mobilisering, jf. figur 1 og 2 og kapittel 3)! Partnerskapsprogrammet har etablert forutsigbare rammer og lærande møteplassar og miljø, men utviklingsarbeidet og kapasitetsstyrkinga kviler på den *lokal viljen og interessa* for å mobilisera òg gjennomføra det verdiskapande arbeidet. Eksterne aktørar, som partnerskapsatsinga i Hordaland, er ein naudsynt tilretteleggjar av utviklingsprogram, av verkemiddel, kunnskap og nettverk, *men* partnerskapen kan ikkje i ei «nedanfrå-og-opp-utvikling», gjera arbeidet på vegne av lokalsamfunna!